



**DEN NORSKE KIRKE**  
**Kyrkjebø sokneråd**

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 28.04.21.

**Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd**

Møtedato: 22.04.21.  
Møtetid: kl. 19.00.  
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

**Til stades:**

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim og Andreas Ester. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

**Kopi av møteboka går til:**

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste**

**Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Det var ingen merknad til innkallinga. I høve saklista kom det merknad om at «Forbetra Vipps», burde vere sak under ymse.

**Godkjenning av referat frå møtet 18.03.21.**

Det var ingen merknad til referat frå møtet 18.03.21.

**Sidan sist.**

Det hadde påskeafta vore opa kyrkje på Kyrkjebø. 2. påskedag var det dåpsgudsteneste i kyrkja. Det hadde også vore avvikla møte i Høyanger kyrkjelege fellelsråd 25.03.21.

**Postlista.**

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmane.

**Årshjulet.**

Leiar i soknerådet gjekk gjennom årshjulet med soknerådsmedlemmane.

**Soknepresten har ordet.**

Soknepresten sa nokre ord for dagen – med Bergpreika som utgangspunkt. Matteus, kap. 5-7.

**Meldingssaker:**

**210010 Fasteaksjonen - resultat.**

Soknerådet fekk framlagt tala for dei ulike sokna i kommunen.

**210011 Soknemøte/Årsmøte.**

Soknerådet gjekk kort gjennom sakene som skal leggjast fram for soknemøtet 02.05.21.

**210012 Trusopplæring i soknet.**

Soknerådsmedlemmane diskuterte framhald og innhald for gjeldande trusopplæringsplan. Det var ynskjeleg at kyrkjelydspedagog Toril Lange vert med på neste soknerådsmøte for Kyrkjebø sokn 20.05.21., og at ho då orienterer soknerådsmedlemmane om kva som har fungert godt/mindre godt i høve til trusopplæring i sokna.

**210013 Gudstenestene fram mot sommaren.**

Soknerådsmedlemmane diskuterte og delegerte oppgåver kring gudstenestene 17. mai på Kyrkjebø og i Vadheim og 2. pinsedag i Måren. Leiar i soknerådet vil også ta kontakt med leiar i 17. mai komiteen Linda Sagerøy, og gjere avklaringar i høve 17. mai arrangementet på Kyrkjebø.

**Vedtakssaker:**

**Sak 0011/21: Ny gudstenesteordning.**

Vedtak: *Framlegget til ny liturgi vert innført i Kyrkjebø og Vadheim sokn frå 1. pinsedag 2021.*

**Sak 0012/21: Ymse:**

**Forbetra Vipps**

Vedtak: *Kyrkjebø sokneråd ynskjer følgjande vipps underkategoriar:  
1. Takkoffer i gudstenesta. 2. Gåve til kyrkjelydsarbeidet. 3. Trusopplæring – eigenandel.*

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim  
Sekretær